



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av søknad om utgreiing av grensejustering mellom kommunane Aukra og Molde

Statsforvaltaren si tilråding til departementet er at søknad om utgreiing av grensejustering av Midsund frå Molde kommune til Aukra kommune blir avslått.

Statsforvaltaren sender over søknad om utgreiing av grensejustering frå Molde kommune til Aukra kommune.

Saksgong

Statsforvaltaren fekk den 12. januar 2026 ein søknad om utgreiing av grensejustering frå fleire innbyggjarar. Om lag 1000 innbyggjarar står bak søknaden (sjå vedlegg 1). Statsforvaltaren har i tillegg mottatt fire søknadar (sjå vedlegg 2 og 3)¹.

Søknaden omfattar det område som tidlegare utgjorde Midsund kommune (øyene Otrøya, Midøya, Dryna, Magerøya og Tautra) frå Molde kommune til Aukra kommune. Det er i dag 1998 innbyggjarar busett på desse øyene. Molde kommune har i dag 33 291 innbyggjarar, mens Aukra kommune har 3780 innbyggjarar².

Vi orienterte kommunane om søknadene den 18. februar 2026, og bad om ein uttale til saka innan 1. april 2026 (sjå vedlegg 4). Det er seinare gitt utsett høringsfrist til 24. april 2026.

Aukra kommunestyre behandla saka i møte den dato (sak PS-17/26) og fatta samrøystes følgjande vedtak (sjå vedlegg 5):

«1. Aukra kommunestyre er positive til initiativet om grensejustering av det arealet som tidlegare var Midsund kommune blir ein del av Aukra kommune.

¹ Søknader med grunngjeving er lagt ved

² Tal henta frå SSB per 1.1.2026




2. Aukra kommunestyre ser positive på ei utgreiing om grensejustering når samferdselsløysing mellom Gossen og Otrøya er på plass.»

Molde kommunestyre behandla saka i møte den 24. april (sak PS-16/26) og fatta følgjande vedtak med 34 mot 14 røyster (sjå vedlegg 6):

«Molde kommunestyre støtter ikkje at det blir gjennomført utredning av grensejustering mellom Molde kommune og Aukra kommune slik som det er foreslått i søknaden.»

Søknaden

Søknaden gjeld det areal som tidlegare utgjorde Midsund kommune (øyene Otrøya, Midøya, Dryna, Magerøya og Tautra), som med verknaad frå 1.1.2020 blei slått saman med kommunane Molde og Nesset.



Grenseendringa blir vurdert ut ifrå grensene for nye Molde kommune. Det er vår vurdering at grenseendringa det er søkt om utgreiing av, er å sjå som ei grensejustering etter definisjonane i inndelingslova § 3.

Det følgjer av inndelingslova § 8 at ein innbyggjar og grunneigar i den kommunen søknaden gjeld, eller næringsdrivande som har registrert forretningsstad der, kan søke om at det settast i gong ei utgreiing av grensejustering av eit område. Søkarane er innbyggjarar i Midsund, og dei har derfor initiativrett etter inndelingslova § 8.

Grunngeving for søknaden

Det blir i søknaden mellom anna vist til at:

- Det er ikkje tenleg at kommunegrenser orienterer seg berre ut ifrå regionsenteret, det er andre faktorar og samhandlingsmønster som bør vege tyngre og som kan bidra til bygging av ein mellomstor distriktskommune



- Ei grensejustering vurderast å kunne gje ein betre samanheng mellom bustad, tenester og demokratisk påverknad, der sistnemnte er avgjerande for eit levande lokaldemokrati
- Dei to øysamfunna Midsund og Aukra har mykje til felles med omsyn til historie, geografi, maritimt næringsliv, kompetanse, reiseliv med meir
- Ei grensejustering vil bidra til å gjere Aukra til ein mellomstor kommune som kan vere ein robust tenesteytar, samfunnsutviklar og open lokaldemokratisk arena

Utgangspunkt for vår vurdering

Inndelingslova er ein prosess- og gjennomføringslov som seier noko om kva reglar som gjeld ved gjennomføringa av ei grenseendring. Føremålsparagrafen til inndelingslova slår fast at lova skal legge til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning innanfor rammene av det nasjonale fellesskapet. Føremålsparagrafen har i seg sjølv ikkje nokon sjølvstendig betydning, men den tener som ei retningslinje ved tolking og bruk av rettsreglane i lova.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal settast i gong ei utgreiing av grensejustering. I tidlegare grensejusteringssaker har departementet gitt uttrykk for at ei grensejustering først og fremst skal vere eit verktøy for å kunne tilpasse kommunegrensene til eksisterande handelsmønster og tenestebruk, for slik å legge til rette for ei meir tenleg ramme for folk sine daglegliv både i det praktiske og i eit demokratisk perspektiv.

Departementet har lagt til grunn at det som eit utgangspunkt bør vere knytt utfordringar til dagens kommunegrense som ei grensejustering kan tenkast å løyse. I slike tilfelle kan det vere aktuelt å sette i gong ei utgreiing av grensejustering.

Med bakgrunn i dette vil det vere naturleg å sjå nærmare på følgande forhold når vi gir vår tilråding til søknaden:

- Handelsmønster og tenestebruk
- Infrastruktur, kommunikasjonsforhold, reiseveg/reisetid til kommunesenter
- Korleis det aktuelle området nyttar kommunale tenester (kva type tenester og omfanget)

I tillegg vil det vere relevant å ta omsyn til kva dei involverte kommunane meiner og kor mange innbyggjarar som står bak initiativet.

Statsforvaltaren si vurdering

Midsund utgjer den vestlegaste delen av Molde kommune, og er knytt til fastlandet gjennom ferjesambandet Solholmen – Mordalsvågen. Aukra kommune ligg nord for Midsund, og er knytt til fastlandet gjennom ferjesambandet Aukra – Hollingsholmen. Det er ikkje ferjesamband eller vegforbindelse mellom Aukra og Midsund.

Reguleringsplan for Kjerringsundsambandet blei vedtatt av tidlegare Midsund kommune og Aukra kommune i 2019. Planen legg til rette for ein vegforbindelse mellom Otrøya og Gossen, som ei erstatning for ferjesambandet Aukra – Hollingsholmen. Det er per no ikkje avklart når Kjerringsundsambandet vil bli realisert.

Reisetid frå Midsund til Aukra kommunehus er om lag 1 time og 14 min (inkl. to ferjeturer), med ein reiseavstand på 36,7 km. Reisetid frå Midsund til Molde kommunehus er om lag 54 min (inkl. ein ferjetur) og har ein reiseavstand på 30,9 km.



Høyringsuttalene frå begge kommunar er i stor grad samanfallande med høyringsuttalene som blei gitt førre gang saka var til uttale. I høyringsuttalen frå Aukra kommunestyre er det vist til at ein er positive til ei utgreiing av grensejustering når samferdselsløysing mellom Gossen og Otrøya er på plass. Som vist til ovanfor er det per i dag ikkje kjent når Kjerringsundsambandet vil bli realisert.

I høyringsuttalen frå Molde kommune er det vist til at ein ikkje støttar ei utgreiing av grensejustering. Det er i saksutgreiinga vist til at forholda i saka ikkje har endra seg vesentleg sidan førre gong initiativet ble behandla. Kommunen vurderer at ei grensejustering av dette omfanget vil vere svært ressurskrevjande for kommunen, med betydelege administrative og økonomiske konsekvensar. Molde kommune ønskjer å fokusere på vidare drift og omstilling innanfor gjeldande kommunegrenser.

Ved førre behandling av søknaden sto det om lag 250 innbyggjarar bak initiativet. Denne gongen står det over 1000 innbyggjarar bak søknaden. Det utgjør om lag 50 % av innbyggjarane i Midsund. Dette viser eit stort engasjement for saka. At det no står langt fleire innbyggjarar bak initiativet er åleine likevel ikkje tilstrekkeleg grunngeving for å sette i gong ei utgreiing av grensejustering.

Vi har forståing for søkarane sitt synspunkt om at identitet og tilhørsle kan påverke kor aktivt innbyggjarane deltek i lokaldemokratiet, men finn ikkje å kunne legge avgjerande vekt på dette argumentet.

Det kommunale tenestetilbodet for innbyggjarane blir dekt i Midsund eller i Molde. Det er ikkje påvist konkrete utfordringar knytt til bruken av kommunalt tenestetilbod i Molde kommune som kan løysast betre i Aukra kommune. Stram kommuneøkonomi er i seg sjølv ikkje eit grunnlag for ei grensejustering.

Ut ifrå geografi, dagens infrastruktur og kommunikasjonsforhold kan det ikkje seiast at Midsund utgjør ein meir naturleg del av Aukra kommune enn Molde kommune. Når det gjeld innbyggjarane sin handel og bruk av private tenester, så skjer det i all hovudsak i Midsund eller i Molde. Aukra kommune utgjør ikkje nokon naturleg kvardagsregion for Midsund.

Det er vår vurdering at forholda ikkje har endra seg vesentleg sidan søknaden ble behandla sist, og vi kan heller ikkje denne gongen sjå at det er grunnlag for å sette i gong ei utgreiing av grensejustering.

Statsforvaltaren si tilråding

Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si tilråding til Kommunal- og distriktsdepartementet at søknad om utgreiing av grensejustering av Midsund frå Molde kommune til Aukra kommune blir avslått.

Vi sender med dette saka over til departementet for endeleg avgjerd.

Søkarane er orientert ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad av 12. januar 2026
- 2 Søknad 10. januar 2026
- 3 Søknad oktober 2025
- 4 Orientering om søknad
- 5 Vedtak Aukra kommunestyre
- 6 Vedtak Molde kommunestyre

Kopi til:

AUKRA KOMMUNE	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
MOLDE KOMMUNE	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hildegard Dibbert	Innsidevegen 742	6475	Midsund
Oddbjørn Drønnesund	Skjervavegen 102	6475	Midsund
Anna Lena Røberg	Skarsvegen 129	6475	Midsund
Renate Haugen	Utsidevegen 729	6475	Midsund
Linda Edvardsen	Utsidevegen 729	6475	Midsund